

Til Alver kommune ,Plan-og byggjesak v/ Rådgjevar Are Frøysland Grande.

Vedk. Søknad om frådelling frå gnr. 355 bnr. 4 eigar Kåre og Mette Skjelanger.

Dykkar ref. 20/15674-20/63342.

Dykkar brev datert 19.10.2020.

De ber om fleire opplysningar i saka.

Her kjem svar på dykkar spørsmål.

1. **Plassering av bustad** .Vedlagd føl kartskisse i M= 1:500 som syner mogeleg plassering av bustad med tilkomstveg. Tilkomstvegen får ein stigning på 1: 7 som er akseptabelt i dette området og som ikkje er uvanleg for tilkomstveg til ein bustad.
2. **Avtalar om bruk av privat veg.** Vedlagd føl avtalar om bruk av privat veg frå 4 eigedomar som i dag har rett til vegen. Kartvedlegg føl med. Vidare har hovudbruket gitt tilsagn om avtale for bruk av hovudbruket sin private veg for tilkomst til ny tomt. Kartvedlegg ligg ved.
Det er søkt om utvida bruk av avkøyring til Fylkesvegen Vedlagd føl avkøyringskarta. Har til nå ikkje fått svar frå vegvesenet på søknaden.
3. **Vatn og avlaup.** Frådelt tomt skal knytast til kommunalt vatn. Det går ein privat stikkleidning som hovudbruket eig og som ny bustad skal knytast til. Vedlagd føl kart som syner plasseringa. Avlaupet frå ny tomt skal knytast til eksisterande avlaup som har utslepp i sjø og som naboen tidlegare har fått godkjent. Sjå vedlegg.
Avlaupsleidningen har ein diameter på 110 mm og har rikeleg kapasitet. Nabo har tidlegare gitt løyve til å nytte leidningen
4. **Byggjegrunn.** Omsøkt bustad vil ligge på cote 34. Området er fast fjell. Sjå vedlagd flyfoto. Dersom sakshandsamar ikkje stolar på opplysningane, kan sakshandsamar ta kontakt med landbruksfagleg person i kommunen som vil stadfeste desse opplysningane.

Vonar gitte opplysningar vil vera t6ilfredstillande slik at saka nå kan vurderast og avgjerast innan rimeleg tid.

Skjelanger/ Frekhaug 28.10. 2020.

For Kåre og Mette Skjelanger.

Jens H. N. Bjordal ansv. Søkjar.